



Åseral kommune

EINING FOR SERVICE REISELIV OG KULTUR

Melding om vedtak

postmottak@fin.dep.no

DYKKAR REF:	VÅR REF:	SAKSHANDSAMAR:	ARKIVKODE:	DATO:
	2059/2015 - 2015/215	Janne Thorsland Elvenes	240	27.03.2015

SVAR VEDK.: HØYRINGSSVAR VEDK. EIGEDOMSSKATT - JMF. NOU 2014:13 - KAPITALBESKATNING I EIN INTERNASJONAL ØKONOMI

Vedlagt følger særutskrift av saka som vart handsama i Åseral kommunestyre i møte 26. mars 2015, sak 15/8.

Med helsing

Janne Thorsland Elvenes

HØYRINGSSVAR VEDK. EIGEDOMSSKATT - JMF. NOU 2014:13 - KAPITALBESKATNING I EIN INTERNASJONAL ØKONOMI

ARKIVKODE:	SAKSNR.:	SAKSHANDSAMAR:	SIGN.:
240	2015/215	Kjell Gunnar Olsen	

UTV.SAKSNR.:	UTVAL:	MØTEDATO:
15/8	Kommunestyret	26.03.2015

Vedlegg:

- 1 NOU 2014:13 Kapitalbeskatning i ein internasjonal økonomi. Høyringsuttale frå Landsamanslutninga av Vasskraftkommunar LVK

Bakgrunn:

Finansdepartementet har sendt ut ei høyring på Scheel-utvalet si utgreiing: Kapitalbeskatning i en internasjonal økonomi.

Kapittel 12.10.1 handler om eigedomsskatt, og det er i høve denne delen Åseral kommunestyre bør gje høyringssvar.

Landsamanslutninga av Vasskraftproduserande kommunar (LVK) har alt gjeve høyringsuttale – viser til vedlegg.

Vurdering:

LVK sin høyringsuttale er i fyrste rekke konsentrert om Scheel-utvalet si utgreiing for og uttalelser om eiendomsskatt i kapittel 12.10.1.

LVK sin høyringsuttale kan ein samanfatta i fylgjande punkter:

- Eigedomsskatten må beholdes som ein *kommunal skatteart, hvor kommunene også har ansvaret for verdsettelsen.* (Punkt 2 - 4)
- Utvalet sitt framlegg om auka grunnrenteskatt på vannkraft som kompensasjon for ein redusert inntektsskattesats, vil føra til reduksjon i kommunenes eigedomsskatteinntekter. Dette kan ein ikkje akseptere. (Punkt 5)
- LVK støtter utvalet sine uttaler og framlegg om avskrivningar for vasskraftanlegg. (Punkt 6)
Viser til vedlagte høyringsuttale for utdypande forklaringar og grunngevingar.

Det foreslås at Åseral kommunestyre vedtek å støtte LVK sin høyringsuttale, og at dei tre nemnde forhold vert presisert i vedtaket.

Framlegg til vedtak:

Åseral kommunestyre vedtek fylgjande høyrings svar på NOU 2014:13:

Åseral kommune støttar LVK sin høyringsuttale. Åseral kommune ønsker å presisere fylgjande forhold:

- *Eigedomsskatten må halde fram som ein kommunal skatteart, der kommunane i tillegg har ansvaret for verdsetjinga. (Punkt 2 – 4).*
- *Utvalet sitt framlegg om auka grunnrenteskatt på vasskraft som kompensasjon for ein redusert inntektsskattesats, vil føra til reduksjon i kommunane sine eigedomsskatteinntekter. Dette kan ein ikkje akseptere. (Punkt 5).*
- *Åseral kommunestyre støtter utvalet sin uttale og framlegg om avskrivningar for vasskraftanlegg. (Punkt 6).*

Saksprotokoll i Kommunestyret - 26.03.2015

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Åseral kommunestyre vedtek fylgjande høyrings svar på NOU 2014:13:

Åseral kommune støttar LVK sin høyringsuttale. Åseral kommune ønsker å presisere fylgjande forhold:

- *Eigedomsskatten må halde fram som ein kommunal skatteart, der kommunane i tillegg har ansvaret for verdsetjinga. (Punkt 2 – 4).*
- *Utvalet sitt framlegg om auka grunnrenteskatt på vasskraft som kompensasjon for ein redusert inntektsskattesats, vil føra til reduksjon i kommunane sine eigedomsskatteinntekter. Dette kan ein ikkje akseptere. (Punkt 5).*
- *Åseral kommunestyre støtter utvalet sin uttale og framlegg om avskrivningar for vasskraftanlegg. (Punkt 6).*